

Bånlæe før i ti'n

– om spebarnstøy frå slutten av 1800-talet

Barna vart i eldre tid, som i dag, kledd etter alder, som spebarn, småbarn og større barn.

I det første leveåret vart barnet svøpt i rettklypte tøyestykker og linna med breide band. Frå eitt-årsalderen vart både jente og gut kledd i kjole. Klede som vaksne, i miniatyr, fekk dei frå dei var 5 – 6 år. Først til konfirmasjonen anskaffa dei seg vaksen klede og pynt. Konfirmasjonen vart rekna som starten på det vaksne liv.

Denne artikkelen vil derimot dreie seg om spebarnskleda, slik spebarnet vart kledd til dagleg.

Grunnlaget for artikkelen er eit inn-samla materiale i munnleg tradisjon og spebarnstøy bevart ved Nordøsterdals-museet, Museumssentret Ramsmoen.

Eldre tradisjon

Ein av våre informanter, Nanfrid Nordmoen (1907 – 1991) har samla tradisjonsstoff omkring kvinnelege gjere-mål. Ho var på besøk hos Ingrid Nyrud på Fåset, som var fødd i 1889, for å få opplysninger om spebarnskleda i eldre tid. Ingrid Nyrud fortalde dette om korleis barnet vart påkledd, og slik ho

sjølv praktiserte det:

Først tok de på skjorte og trøie. Så navlebåndet, som ble tatt rundt, og knyttet oppå maven. Så en tynn klut som ble lagt under "rupa", og tatt opp igjen mellom bena. En liten fotklut av linstoff bruktes på spedbarn. Så kom kladden. Det var et stykke tjukt stoff, som ble lagt under enden, og brettet foran. Kladden nådde ned til bena. Den trakk opp vannet, samtidig var det varmt. Fotkluten var av ull, og den ble lagt utenpå kladden. Så ble barnet linned med en barnlinne. Utenpå der ble lagt en Bløye, og linned med et smalere band. Bløyebandet.

Bevarte gjenstander

Ved Nordøsterdalsmuseet er det bevart ein del spebarnsklede frå slutten av 1800-talet og fram til 1920. Materialet kjem frå fleire gardar i Alvdal og Tynset og kan tidfestast utifrå gjevar og brukar.

Skjorter og trøyer, navlebånd, gas-kluter, strømper og bånlinner er ei samling som gje oss eit godt innblikk i kva dei hadde av klede til spebarnet.

Skjorta

Skjorta er det inste plagget. Den skal



Ei samling barnetøy frå Tynset, frå begynnelsen av 1900-talet, siste gong brukt i 1916. Her er navneband, skjorter, trøyer, luer, gaskluter og eit vevd linne. Alt vart oppbevart i ein liten sveipa trelaup

vera mjuk mot sart barnehud og isolere mot kulde.

Spebarnsskjorter blir nemnd i skriftlege kjelder tidleg på 1500-talet, da som dåpsskjorter. Dei første vart laga i lin. Lin og linfrø seiast å ha hatt beskyttende kraft i gamal folketru. Dei eldste skjortene her til lands er sydd i den tunnaste linlerret, medan skjortene frå midten av 1800-talet vart laga av bomullstoff.

Skjortene som er bevart ved Nordøsterdalsmuseet er alle sydd av tunt bomullstoff, kvit cambrik. Dei er sydd i primærnitt, dvs. samansydd av rette stykker, i buserullfasong, med kile under ermet. Blant desse er det to ty-

per. Dei eldste skjortene har lang splitt foran og knytteband i halsen, medan dei yngre har opning bak som lukkes med to knytteband i ryggen. Alle skjortene har rynka krave som er kanta med blonde i knipling, hekling eller engelsk broderi. Ermene har påsydd blonde, som på kraven. Det lukkes med eit bomullsband som knyttes rundt skjortermet, ved handleddet.

Trøya

Trøya vart kledd utanpå skjorta. Denne var i eit tjukkare tøy og föra. Det påstås at trøya tradisjonelt er eit yngre plagg enn skjorta. Det kan ha samband med reiving av barnet. Fram til midten av 1800-talet vart heile kroppen reiva inn, med hendene lagt ned langs sida. Av den grunn kunne trøya bli overflødig.

Dei trøyene som fins ved Nordøsterdalsmuseet er i mønstrete eller stripete stoff, i kraftigare bomullskvalitet enn skjortene. Trøya er föra med kvit gas (eit kvitt, tunt og glisent bomullsstoff). Eit par er utan fôr, men eg tør påstå at desse også har trøyefunksjon. Trøyene er sydd i kimonosnitt, primærnitt utan kile, eller fasongsydd med isett erm. Dei eldste er hândsydde, medan dei yngre er sydd med maskin, i indresaum eller fransksaum. Alle har rund hals med opning heilt ned i ryggen, og lukkes med knytteband i nakken. Ermet lukkes med knytteband som går i løpegang vel ein centimeter innpå. I kanten er det festa blonde eller krokliiss for pyntens skyld. Eit par av trøyene, faktisk av dei minste, har ermer med linning som lukkes med knapp og hempe.

Lue

Luene er sydd av same stoff som trøya, og er på same måten föra med gas. Ein veit at det vart brukt fleire luer utanpå kvarandre, kalt innerlue og ytterlue. Åtte av ti luer er trebladsluer (samsydd av tre stoffstykker), medan to er tobladsluer. Alle har blondkant mot ansiktet, som er lagt i folder. Ei av desse har derimot hekla ytterlue. Luene knyttes med band under haka.



Trøye og lue frå Alvdal, frå 1883.

Trøya er sydd i bomullsstoff med trykt mønster i raudt. Lua er hekla av kvitt bomullsgarn og föra med same stoff som trøya.

Mye tyder på at dette er dåpslue og trøye.

Reiven

Reiven var ei felles nemning på tøystykket som barnet vart svøpt i. Utifrå informanten sine opplysningar utgjorde reiven ein klut i skrittet, fotklut av tynt stoff, kladden og ein fotklut av ull. I tillegg kom bløya, eit kvitt laken som vart svøpt utanpå.

Linne

Utanpå reiven vart det surra eit linne, m. a. for å få klutan til å ligge på plass, og for at det skulle halde på varmen. Her i distriktet vart barnet linna frå

brystet og ned, slik at armene var i bevegelse. Opp gjennom tida har det vore nytta ulike måtar å reive på. I sentrale kjelder er det nemnd kryssreiving, diagonalreiving og sirkulær reiving. Desse er kjent i dei nordiske landa. Her i Nord-Østerdalen har det vore brukt sirkulær og diagonal reiving, og bandet som vart surra rundt, vart kalt linne. I andre delar av landet vart lindebandet kalt list eller reivelist. I vårt distrikt finn ein linner som både er vevde og strikka.

Dei vevde bånlinna er dei eldste. Desse vart vevd på bandgrind (bandskje), og er omlag 5 – 6 cm breide og 3 – 4 meter lange. Bånlinner av denne typen finn ein langt attende på 1700-talet. Dei aller fleste er vove i parbandteknikk. Mønstra er geomentiske, og banda har innvevd initialer og årstal. Fargevalet var truleg fritt, men raudt synes å vera ein gjennomgangsfarge. Dei fleste linna er avslutta med eit tøyestykke i ull eller finare stoff. Her vart det festa eller innsydd ein gjenstand av metall, ei hekte eller ein mynt. Dette har nok med gamal folketro å gjere, for metall beskytta barnet mot onde makter.

Reiving av spebarn heldt seg i Nord-Østerdalen fram til i 1930-åra.

”Bånklelaupen”

Giftferdige kvinner brukte mye av tida til å ordne seg med ”utstyr”. Dette gjalt sengkledet, håndkle og duker. I tillegg måtte dei og ”*stelle sei mæ bånklæe*”. Lintøy, håndklær og duker vart oppbevart i kister og skap. Barnetøyet vart lagt i lauper. Desse laupan var forholdsvis små, og vart kalt ”*bånklelauper*”.



*Reiveband (linner) frå Tynset.
Alle er vove på bandgrind (bandskje)
i parbandteknikk.*

Vogga

Barnesenga var ei vogge. Her i distriktet fins det to typer. Den best kjente er vogga med meier. Den andre er slengvogga, som vart hengt med tau frå taket eller over ei slind i dei gamle stue-ene.

I vogga vart det lagt ein madrass, her i distriktet kalt bost, fylt med fjær og dun. Trekket på bosten var av heimovve stripete ulltøy. Oppå bosten vart det lagt ein liten skinnfell. Denne fungerte som underplagg, og så ei lita pute med kvitt putevar. Teppet over var også ein skinnfell, med mønsteråkle, gjerne i skillbragd.

Dersom ein skulle ut med barnet vinterstid tok ein i bruk ein skinnpose. Ein pose av sauskinn, med ulla vendt

inn. Posen hadde trekk utvendig, av stripete bolsterstoff, i mange fargar. Av fasong var posen skrådd inn ved fotenden, og hadde ein vid opning oppe med ein splitt nedover, på framstykket.

Sluttord

Dei bånklede som her er omtala representerer ein alderdomleg tradisjon. Dei er prega av gamle snitt, tilklypte, rette tøyestykker, og saum utført med hand. Plagg sydd av vinkelrette stoffestykker er dei eldste klede ein kjenner til. Dei fasongsydde klede, som er av nyare dato, fekk ikkje gjennomslag i spebarnstøyet før i vår tid. Derfor representerte spebarnstøyet fram til 1930-åra ein tilnærma middelaldertradisjon, når ein tek påkledning, snitt og teknikk i betraktning.

Kjelder

Ingrid Nyrud, Fåset f. Savalberget 1889 – 1976.
Nanfrid Nordmoen, Fåset f. 1907 – 1991.
Bjarne Grandum, Tynset f. 1918 – 1999.

Litteratur

Inger Lise Christie: Dåpsdrakter. C. Huitfeldt Forlag. 1990.
Ingebjørg Gravjord: Klestradisjonar i Øvre Numedal.
Håkan Liby: Kläderna gör uppleningen. Uppsala 1997.
Bryggens Museum 1984/85: Barn i historien. Hefte.
Inger Lise Christie: Dåpslinder fra Østerdalen. I Norsk Folkemuseum: By og bygd 1979-1980
Inger Lise Christie: Et revebarn. Særtrykk Norsk Folkemuseum. Oslo 1977.
Inger Lise Christie: Spebarnet i "linde og reiv". I Norsk Folkemuseum: By og bygd. 1981-82.

Helga Reidun Bergebakken Nasset,
2560 Alvdal
Epost: mus-rams@online.no